



Kulturarven i lokalmiljøet

MUSEUM

SAMARBEID

MEDVIRKNING

FORMIDLING

VALDRESKOMMUNANE

Minne for framtida. Ei interkommunal tilnærming til meir kunnskap om kulturminne

Pilotprosjektene er en del av Riksantikvarens satsing i årene 2002-04 for å få eksempler på godt kulturminnearbeid i kommunene. Målene med prosjektene har vært:

- ♦ å utvikle et godt samarbeid mellom ulike aktører lokalt for å få mer kunnskap om kulturminner og kulturmiljø, og forvaltning av disse og
- ♦ å bruke samarbeidsmodellene til å bygge opp kunnskapsmiljø som er mest mulig robuste på lang sikt.

KONTAKTPERSONER HOS

RIKSANTIKVAREN:

Sissel Carlstrøm og

Kari Vartdal Opsvik

Tlf.: 22 94 04 00

www.riksantikvaren.no

Valdreskommunane har lange tradisjonar med interkommunalt arbeid. Mykje av det arbeidet vert organisert gjennom Regionrådet, som er eit samarbeidsorgan for kommunane Etnedal, Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre, Øystre Slidre og Vang. Kultur er eit av dei områda der kommunane har hatt fleire samarbeidsprosjekt

Regionrådet ønskjer at kommunane skal ta meir ansvar for kulturminna, men for å gjere det treng dei meir fagkunnskap enn det den einskilde kommunen har. Dei såg behovet for meir kompetanse på fagområdet plassert i Valdresregionen, og sende felles fråsegn om dette til NOU 2002:1 *Fortid former framtid*. Regionrådet sa òg at dei frivillige organisasjonane si rolle i den lokale forvaltninga ville auke og at dette var positivt, det same gjaldt den lokale kommunikasjonen mellom forvaltninga og eigarar og brukarar.

Den interkommunale tilnærminga gjorde det interessant å utfordre Regionrådet på korleis dei ville organisere ein regional støttefunksjon i samarbeid med Oppland fylkeskommune. Eit for-prosjekt syner ein modell, tilpassa Valdresregionen og behovet i kommunane. Mange har vore involverte i arbeidet, både



Foto: Valdres folkemuseum.



Foto: Valdres folkemuseum.

folk i kommunane og i ulike lokale og regionale fagmiljø. Hovudprosjektet er å prøve ut modellen i ein treårs periode, der prosjektleiaren er ein del av fagmiljøet ved Valdres Folkemuseum. Målet med prosjektet er auka engasjement og forståing for vern av kulturarv som verdfulle ressursar i kommunane. Vidare å tilføre kommunane og eigarane auka kompetanse, halde kompetansen i regionen og slik styrke fagmiljøet ved museet. Og sist, men ikkje minst å synleggjere kulturminne gjennom tilrettelegging og informasjon, og utarbeide planar som sikrar bevaring og bruk av kulturminne og kulturmiljø i Valdres.

For å nå målet vil prosjektet vere ei hjelp for kommunane i deira forvaltning ved kursing, vegleiing og informasjon i m.a. planarbeidet. Prosjektet skal òg hjelpe til i arbeidet med miljøplanar i landbruket, ved utarbeiding av ulike søknader og gje råd og vegleiing i konkrete saker. Etter oppdrag frå fylkeskommunen er det aktuelt for prosjektet å utføre registreringar av kulturminne og anna arbeid i Valdres og ha oversikt over registreringar som er gjort i regionen. Kompetansen vil òg nyttast til oppgåver med merking, tilrettelegging og anna arbeid med å ta vare på kulturminna.

KONTAKTPERSON I REGIONRÅDET:

Siv Anette Mæhlum, siv.annette.mahlum@valdres.com

KONTAKTPERSON VED VALDRES FOLKEMUSEUM:

Torill Thømt torill.thomt@valdres.museum.no

Lenker: www.valdres.org